

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
027/15	Formannskapet	PS	30.04.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Terje Sætre	15/451

## Søknad om serverings- og skjenkeløyve - Nye Garveriet

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

<I medhald av serveringslova §§ 3, 4, 5 og 6, jfr. § 7, og alkohollova §§ 1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 blir serverings- og skjenkeløyve gitt med følgjande spesifikasjon:

- Løyvehavar: Nye Garveriet AS, Isdalstøbakken 103, 5914 Isdalstø, org.nr. 914 833 418
- Dagleg leiar for serveringsløyvet: Maren B. S. Jensen, Håstølen 30, 5918 Frekhaug, f. 220981
- Serverings- og skjenkestad: Nye Garveriet, Isdalstøbakken 103, 5914 Isdalstø
- Opningstid for servering: kl. 0800 - 0200 heile året.
- Tidsrom for skjenkeløyve: 01.05.2015 – 30.06.2016
- Styrar for skjenkeløyve: Maren B. S. Jensen, Håstølen 30, 5918 Frekhaug, f. 220981
- Avløyssar for skjenkeløyve: Hege Ramsland, Fønnes 42, 5953 Fønnes, f. 250361.
- Alkoholvare: all alkoholhaldig drikk
- Omfang: alminneleg og slutta selskap.
- Type verksemd: spisestad
- Serverings- og skjenkeareal – 2.etasje: serverings-/restaurantlokale på 160 kvm. og terrasser på totalt 123 kvm. (fordelt på tre terrasser på henholdsvis 55 kvm., 41 kvm. og 27 kvm.). 3. etasje: serverings-/restaurantlokale på 108 kvm.
- Skjenketid i samsvar med gjeldande forskrift om skjenke – og opningstider i Lindås kommune (merk pkt. 2 c i forskrifta om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune om skjenketid for uteservering).
- Verksemda må vere godkjent av Mattilsynet
- Brannsikkerheitsmessige forhold må vere forsvarlege og i samsvar med brannforskriftene.
- Krav om tilstrekkeleg vakthald og tilfredsstillande opplegg for orden på området
- Tilfredsstillande parkeringsforhold for gjester må liggje føre.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens i forhold til dei vilkår løyvet er gitt på.

.....

## **Formannskapet - 027/15**

### **FO - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FO - vedtak:**

<I medhald av serveringslova §§ 3, 4, 5 og 6, jfr. § 7, og alkohollova §§ 1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 blir serverings- og skjenkeløyve gitt med følgjande spesifikasjon:

- Løyvehavar: Nye Garveriet AS, Isdalstøbakken 103, 5914 Isdalstø, org.nr. 914 833 418
- Dagleg leiar for serveringsløyvet: Maren B. S. Jensen, Håstølen 30, 5918 Frekhaug, f. 220981
- Serverings- og skjenkestad: Nye Garveriet, Isdalstøbakken 103, 5914 Isdalstø
- Opningstid for servering: kl. 0800 - 0200 heile året.
- Tidsrom for skjenkeløyve: 01.05.2015 – 30.06.2016
- Styrrar for skjenkeløyve: Maren B. S. Jensen, Håstølen 30, 5918 Frekhaug, f. 220981
- Avløyssar for skjenkeløyve: Hege Ramsland, Fønnes 42, 5953 Fønnes, f. 250361.
- Alkoholvare: all alkoholhaldig drikk
- Omfang: alminneleg og slutta selskap.
- Type verksemd: spisestad
- Serverings- og skjenkeareal – 2.etasje: serverings-/restaurantlokale på 160 kvm. og terrasser på totalt 123 kvm. (fordelt på tre terrasser på henholdsvis 55 kvm., 41 kvm. og 27 kvm.). 3. etasje: serverings-/restaurantlokale på 108 kvm.
- Skjenketid i samsvar med gjeldande forskrift om skjenke – og opningstider i Lindås kommune (merk pkt. 2 c i forskrifta om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune om skjenketid for uteservering).
- Verksemda må vere godkjent av Mattilsynet
- Brannsikkerheitsmessige forhold må vere forsvarlege og i samsvar med brannforskriftene.
- Krav om tilstrekkeleg vakthald og tilfredsstillande opplegg for orden på området
- Tilfredsstillande parkeringsforhold for gjester må liggje føre.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens i forhold til dei vilkår løyvet er gitt på.

.....

### **Saksopplysningar:**

Saka skal avgjerast i Formannskapet

### **Bakgrunn**

Nye Garveriet søker om nytt serverings- og skjenkeløyve.

**Søkjars driftskonsept:**

Restaurant med mat og skjenkeløyve. Lokala vil og brukast til selskapslokale, blåturar, firmasamlingar o.l. I tillegg vil verksemda drive med catering og utkøying av mat.

På kveldstid i helgene vil det vere diverse kulturell underhaldning, alt frå livemusikk (ein plass for lokale musikarar/band å vise seg fram), show og cabaret. På slike kvelder vil det vere 20 års aldersgrense. Dette vil verksemda synleggjere tydeleg i all marknadsføring og annonsering.

**Vurdering**

Søkjar har rett til å få søknaden om serveringsløyve innvilga: krava i serveringslova §§ 4 til 6, jfr. § 7 er oppfylt. Krava gjeld i forhold til dagleg leiar, krav om etablerarprøve, krav til vandel og konsolidering av eigendelar.

I forhold til tidlegare skjenkeløyve på staden, jfr. formannskapetets vedtak i møte 22.08.2012 om fornying av skjenkeløyve – City Invest as, er serverings- og skjenkearealet tilrådd for Nye Garveriet om lag 100 kvm. mindre ( mindrearealet gjeld i hovudsak 2. etasje).

Det ligg ikkje føre merknader frå sosialtenesta, politi eller skatte- og avgiftsmyndigheiter til søknaden om skjenkeløyve.

Rådmannen rår til at søknaden om skjenkeløyve blir innvilga.

.....